



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

## NOTAT

**Frå:** May-Lisbet Lande

**Kopi:** Servicekontoret

**Sak:** Volda Campus Arena - ny idrettshall på Joplassen ved høgskulen

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1790	13557/2016	D11	SVK/MAYLAN	22.11.2016

### **MELDING OM POLITISK VEDTAK - VOLDA CAMPUS ARENA AS - BYGGING AV NY IDRETTSHALL I VOLDA**

Vi melder med dette frå at Ungdomsrådet den 21.11.16, hadde føre ovannemnde som sak der det vart gjort slikt vedtak:

*Ungdomsrådet stiller seg svært positive til planane om Volda Campus Arena AS. Idrettshalltilbodet i Volda dekkjer ikkje etterspurnaden til barne- og ungdomsidretten. Ny hall vil bety mykje for idrettsglad ungdom i bygda. Ungdomsrådet vil påpeike viktigheita av at behovet til kvar enkel målgruppe blir ivareteke. Til domes behovet for opplæringsbasseng for grunnskulen og fleire speleflater for idretten. Ungdomsrådet ser fram til å sjå vidare planar for prosjektet og deltek gjerne i denne prosessen.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

May-Lisbet Lande  
Koordinator for Volda ungdomsråd

Kopi til:  
Sonja Håvik

**Handsaming:**

For å kunne handsame planane for Volda Campus Arena AS vedtok ungdomsrådet eit ekstra møte utanom oppsett møteplan. Saka skapte ein god del diskusjon og ungdomsrådet vil framheve at kvar enkelt målgruppe sine behov bør ivaretakast. Spesielt nemner dei behovet for opplæringsbassen for grunnskulen og behovet for fleire speleflater for idretten. Ungdomsrådet ser fram til å fylje prosjektet vidare.

**Røysting:**

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 21.11.2016

***Ungdomsrådet stiller seg svært positive til planane om Volda Campus Arena AS. Idrettshalltilbodet i Volda dekkjer ikkje etterspurnaden til barne- og ungdomsidretten. Ny hall vil bety mykje for idrettsglad ungdom i bygda. Ungdomsrådet vil påpeike viktigheita av at behovet til kvar enkel målgruppe blir ivareteke. Til dømes behovet for opplæringsbasseng for grunnskulen og fleire speleflater for idretten. Ungdomsrådet ser fram til å sjå vidare planar for prosjektet og deltek gjerne i denne prosessen.***

Volda idrettsråd  
Kleppevegen 25  
6102 Volda

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

### **Innspel til ny arealdel (saksnr. 2016/963).**

Volda idrettsråd ser det som særst viktig at det i planane vert sikra areal til idretts- og friluftaktivitetar både i dei ulike bygdelaga i kommunen og rimeleg sentrumsnært i tettstaden Volda. I tilknytning til idretts- og friluftsområde må det også sikrast infrastruktur som gjer tilkomsten trygg og universelt utforma. Gode gang- og sykkelveggar mellom desse områda og bustadområda må også sikrast slik at alle kan ta seg til og frå på ein trygg måte. Dette vil vere med på å synleggjere at kommunen meiner alvor når folkehelse vert vedteke som overordna og berande prinsipp i samfunnsdelen av planen og vil også byggje opp under målet om Volda som ein attraktiv stad. I statusrapport helsetilstand og påverknadsfaktorar peikar kommunen på at aukande del barn og unge med overvekt over landsnittet er ei av hovudutfordringane til kommunen. I same rapport vert det også nemnt at Volda ligg over snittet i fylket og landet mtp overvekt for menn. Gode og lett tilgjengelege friområde, turveggar og attraktive fasilitetar som idrettshallar og symjehall er viktig for at det skal kunne etablerast aktivitetar som motiverer desse gruppene til meir fysisk aktivitet og vil bidra mot målet i samfunnsdelen om at barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livsstilssjukdomar.

Ved utbygging av større bustadfelt/massiv fortetting bør Volda kommune stille krav til utbyggjarar om å yte bidrag til tilrettelegging av allmenteneleg infrastruktur som idrettsanlegg, skular, barnehagar, gangveggar, turveggar og friområde.

Idrettsrådet er særleg oppteke av å få på plass ein teneleg og moderne idrettshall med tilstrekkeleg kapasitet i Volda sentrum. Ein slik hall må på plass for at samfunnsdelen sitt mål om å verte eit tydeleg regionscenter med bymessige kvalitetar skal kunne oppfyllest. Ein hall må plasserast slik at skular og barnehagar kan nytte den på dagtid og idretts- og trimaktivitetar kan fylle den på kveldstid. Slik idrettsrådet ser behovet for hall i dag, bør den samla hallkapasiteten i tettstaden Volda ha speleflater som utgjer minst tre fulle handballbaner, i tillegg til klatrehall og andre spesialhallar, eit større treningssenter for vekttraining mm og gode lagringsforhold for utstyr. Med tanke på kostnadseffektiv drift bør det i tilknytning til hallen sikrast areal til opplæringsbasseng og eit større basseng som er godkjent for konkurranse. Idrettshallen må ha minst 12,5 meter fri takhøgde og kunne delast av med vegggar som gjer det mogeleg å drive undervisning/aktivitet på mindre flater utan at aktiviteten på naboflata er sjenerande. Bassenget må ha stupetårn, gjerne 10 meter.

God kapasitet i idrettsanlegg er viktig for at ein skal kunne tilby god breidde i aktivitetar og ta i vare og utvikle tilbod til både breidde og topp. I tillegg til idrettsaktivitetane er gode idrettsanlegg eit aktivum i folkehelsearbeidet.

Dersom eit større anlegg skal kunne realiserast nær skulane i Volda sentrum er truleg Joplussen den einaste staden det kan byggjast utan å rive eksisterande bygg og/eller vere til vesentleg sjenanse for nærliggande naboar. Parkering er per dato, og vil truleg også i framtida vere, ei utfordring i området, men dette kan løysast ma ved å etablere parkeringskjellar under heile idrettshallen.

På mange måtar kan det vere praktisk å samle mykje idrettsaktivitet i same område, i alle fall så lengje bygda ikkje er større enn tettstaden Volda. Idrettsrådet meiner difor det er viktig at ein i arealplanen set av område for vekst og utviding der det no er idrettsanlegg. Dette gjeld td både på Reset i tilknytning til skianlegga der og i området frå og med Volda stadion til og med sandvolleyballbanene på Årneset.

Volda 16.11.16

Volda idrettsråd